



Fløysand VA as
v/Terje Fløysand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2466 - 15/18383

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
07.10.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 51/144 på Landsvik.

Administrativt vedtak. Saknr: 363/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 10.09.2015, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på eigedomen gbnr 51/144 på Landsvik. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverk i kum ved den kommunale vegen til Landsvik, jf motteke situasjonskart.

Eigedomen har i dag godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar.

Vurdering:

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket, men vil gjera merksam på at eigedomen kan bli pålagt å kopla seg til det kommunale avlaupsanlegget som er bygd ut i området, jf vedtak i Meland kommunestyre, sak 010/08, prinsipp for tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsanlegg i uregulerte område.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Fløysand VA Org.nr 987 774 525 Sentral godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, overordnet ansvar for prosjektering (tkl 1) UTF, overordnet ansvar for utførelse (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 51/144 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 10.09.2015 på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.

- Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen Kontaktsenter v/Trond Taule Landsvik 44 5917 ROSSLAND

Mottakere:

Fløysand VA